



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Florø kultuhus (samfunnshuset), festsalen
Dato:	15.06.2021
Tid:	Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Parti

Arne Schei	
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Odd Bovim	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Asgeir Olav Solheim	Kinn SP
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Randi Hagevik Aare	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Tom Andrè Vedvik Hopland	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V

Forfall

Kim Gunnar Jensen
Leif Magne Gil

Parti

Kinn AP
Kinn AP

Varamedlem

Inger Strand Kvalheim
Stine Kråkenes Øvrelid

Parti

Kinn AP
Kinn AP

Ronny Cassells
Frank Willy Pedersen Djuvik
Hanne Eva Husebø Kristensen
Kine Andersen Nygård
Sunniva Audardottir Oldeide

Kinn AP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn MDG
Kinn Rødt

Doris Christensen
Kjell-Magne Kvalheim
Ingvar Torsvik Myrvollen
Geir Arne Solheim
Kjell-Jarle Oldeide

Kinn AP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn MDG
Kinn Rødt

Andre som møtte:

Ellen Jåvold
Håkon Skram Heggen
Rolf Bjarne Sund
Terje Heggheim
Linda Nipen

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jan Henrik Nygård	21/22745	,	
Geir Ole Oldeide	21/28195	,	
Kjell-Jarle Oldeide	21/28195	,	
Kristian Skibenes	21/28195	,	
Morten Andreas Hagen	21/28195	,	

Møtenotater:

Repr. Doris Christensen og repr. Ingvar Myrvoll tiltrådte møtet kl. 09.05 før handsaming av sak 088/21.

Repr. Jacob Nødseth tiltrådte møtet kl. 09.25 under handaming av sak 089/21.

Repr. Lars Terje Standal fratrådte møtet kl. 14.05 etter handsaming av sak 101/21.

Repr. Åge Larsen tiltrådte møtet før handsaming av sak 102/21.

Florø, 15. juni 2021

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
087/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
088/21	Godkjenning av møteprotokoll
089/21	Refererte skriv og meldingar
090/21	Plan for temaplan for oppvekst
091/21	Plan for temaplan helse og velferd
092/21	Skram skule. Vurdering av byggealternativ
093/21	Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune - Eigengodkjenning
094/21	Justert selskapsavtale for Alarmsentralen IKS
095/21	Kommunal vigselsrett - supplering vigslarar i Måløy
096/21	Forslag til endring i investeringsbudsjett Florø hamn Kinn kommune KF 2021
097/21	Allhuset Eikefjord - særrekneskap og årsrapport 2020
098/21	Kinn Bordgleder KF - årsrekneskap og årsmelding 2020
099/21	Florø hamn Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2020
100/21	Havhesten Kinn kommune KF - årsrekneskap og årsmelding 2020
101/21	Kinn utdannings- og ressurscenter KF - årsrekneskap og årsmelding 2020
102/21	Kinn kommune - rekneskap og årsmelding 2020
103/21	1. tertialrapport 2021, med revidert budsjett - Kinn kommune
104/21	Rapport - ekstern undersøking i samband med Nordfjord Havn IKS
105/21	Kva skjer med openheita?



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/27914
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 09.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/21	Kommunestyret	15.06.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Sak 104/21 vert handama etter sak 089/21.

Spørsmål frå Raudt v/repr. Henriksson vert besvart i samaband med handsaming av sak 089/21.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 087/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/27913
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 09.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/21	Kommunestyret	15.06.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 088/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 07.06.2021



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/27915
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 09.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
089/21	Kommunestyret	15.06.2021

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

011/21, Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 27.05.2021

012/21, Hatefulle ytringar og trugsmål mot folkevalte og andre myndigheitspersonar.

013/21, Kinn - 21/251-2 Møteoffentlegheit - streaming av møte i formannskapet og andre kollegiale organ

014/21, Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 10.06.2021

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Ref sak 013/21 "Møteoffentlegheit - streaming av møte i formannskapet og andre kollegiale organ":
Kontrollutvalet, v/leiar Kjell Heggen orienterte.

Ref.sak 012/21 "Hatefulle ytringar og trugsmål mot folkevalte og andre myndigheitspersonar:

Raudt v/repr. Tveranger etterspurte informasjon frå Kinn kommune om dette.

Ordførar Teigen og varaordførar Kongsvik orienterte. Saka har vore handsama i Politiråd og sendt kommunestyret som referatsak. Kontaktpersonar i Kinn er: Wenche Hope i Florø, og Åse Romuld i Vågsøy.

Spørsmål frå Raudt v/repr. Henriksson om Aksello og coronamidler, frå hausten 2020 og manglande oversending til statsforvaltaren:

Saka var handsama 15.09.2021 og ein venta 5 månadar før oversending vidare. Kva skjedde?

Er ordfører enig i å rette kritikk til kommunedirektøren for handsaming av denne lovlegkontrollen?

Ordførar Teigen orienterte og sa seg einig i å rette kritikk til kommunedirektøren i denne saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 089/21 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/21	Oppvekst- og kulturutvalet	02.06.2021
043/21	Formannskapet	08.06.2021
090/21	Kommunestyret	15.06.2021

Plan for temaplan for oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Temaplan for oppvekst – plan for oppvekstplanen.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Temaplan for oppvekst – plan for oppvekstplanen.

Oppvekst- og kulturutvalet 02.06.2021:

Handsaming:

Lenke til Framsikt med "Rammer for arbeidet med Plan for oppvekst" er sendt ut til medlemmane i utvalet.

Kommunalsjef Ellen Jåvold orienterte om framlegget frå kommunedirektøren.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 038/21 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Temaplan for oppvekst – plan for oppvekstplanen.

Formannskapet 08.06.2021:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 043/21 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Temaplan for oppvekst – plan for oppvekstplanen.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Kommunestyret einige om at saka vert å handsame sist i møtet.

Røysting:

Formannskapet si innstilling samrøystes vedtatt.

KOST- 090/21 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner Temaplan for oppvekst – plan for oppvekstplanen.

Bakgrunn for saka:

I planstrategien for Kinn kommune er det vedteke at det skal utarbeidast ein temaplan for oppvekst. Før arbeidet med sjølve planen settest i verk, skal det utarbeidast ein plan for planen.

Saksopplysningar:

Plan for oppvekstplanen seier noko om rammer og mandat for planarbeidet, organisering av arbeidet, litt om tematikk, medverknad og involvering og framdrift.

Vurderingar:

Det er viktig at plan for oppvekstplanen vert godkjent no før somaren, slik at arbeidet kan settast i gang så fort som mogleg etter somaren.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	02.06.2021
044/21	Formannskapet	08.06.2021
091/21	Kommunestyret	15.06.2021

Plan for temaplan helse og velferd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Helse, sosial og omsorgssutvalet godkjenner planarbeidet for temaplan for helse og velferd slik den er oppsummert i vedlagte dokument i Framsikt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021

Helse, sosial og omsorgssutvalet godkjenner planarbeidet for temaplan for helse og velferd slik den er oppsummert i vedlagte dokument i Framsikt.

HSO-utvalet ber om at planen også seier noko om utfordringae knytta til muskel-skjelettplager, og vurdere om det bør vere eit satsingsområde. Det er viktig å tenke både førebygging og rehabilitering av plager knytte til muskel-skjelett, som rammer flest og koster samfunnet mest.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 02.06.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg, foreslått av Ørjan Kvalheim, Kinn Høyre

HSO-utvalet ber om at planen også seier noko om utfordringae knytta til muskel-skjelettplager, og vurdere om det bør vere eit satsingsområde. Det er viktig å tenke både førebygging og rehabilitering av plager knytte til muskel-skjelett, som rammer flest og koster samfunnet mest.

Votering:

Det vart votert samla over kommunedirektøren sitt framlegg og tilleggsframlegg frå H v/repr. Kvalheim, samrøystes vedtatt.

HSOUV- 027/21 Vedtak:

Helse, sosial og omsorgssutvalet godkjenner planarbeidet for temaplan for helse og velferd slik den er oppsummert i vedlagte dokument i Framsikt.

HSO-utvalet ber om at planen også seier noko om utfordringae knytta til muskel-skjelettplager, og vurdere om det bør vere eit satsingsområde. Det er viktig å tenke både førebygging og rehabilitering av plager knytte til muskel-skjelett, som rammer flest og koster samfunnet mest.

Formannskapet 08.06.2021:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå helse-, sosial og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 044/21 Vedtak:

Helse, sosial og omsorgssutvalet godkjenner planarbeidet for temaplan for helse og velferd slik den er oppsummert i vedlagte dokument i Framsikt.

HSO-utvalet ber om at planen også seier noko om utfordringar knytta til muskel-skjelettplager, og vurdere om det bør vere eit satsingsområde. Det er viktig å tenke både førebygging og rehabilitering av plager knytte til muskel-skjelett, som rammer flest og koster samfunnet mest.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Administrasjonen vil rydde i dokumentet mht begrepbruk mht "helse og omsorg" og helse og velferd". Det same gjeld for tittelen på planen.

Røysting:

Formannskapet si innstilling samrøystes vedtatt.

KOST- 091/21 Vedtak:

Helse, sosial og omsorgssutvalet godkjenner planarbeidet for temaplan for helse og velferd slik den er oppsummert i vedlagte dokument i Framsikt.

HSO-utvalet ber om at planen også seier noko om utfordringar knytta til muskel-skjelettplager, og vurdere om det bør vere eit satsingsområde. Det er viktig å tenke både førebygging og rehabilitering av plager knytte til muskel-skjelett, som rammer flest og koster samfunnet mest.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren legg fram plan for arbeidet med temaplan for helse og omsorg med tilråding om at denne vert starta opp våren 2021. Rammer for arbeidet, prosjektstruktur, medverknad, høyring og tidsplan går fram av vedlagte lenke til Framsikt. (Lenke)

<https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-af011e17-18c6-4e52-ab57-fa657028317c/#/>

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/21	Prosjektutvalet	07.06.2021
092/21	Kommunestyret	15.06.2021

Skram skule. Vurdering av byggealternativ

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å gå vidare med følgjande to alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

Vedtak som innstilling frå Prosjektutvalet - 07.06.2021

Det vert å gå vidare med følgjande to alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

Prosjektutvalet 07.06.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

PRUT- 014/21 Vedtak:

Det vert å gå vidare med følgjande to alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

Handsaming:

Nybygg ved Skram skule, foreslått av Geir Arne Solheim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Kinn MDG ønskjer både det beste skulefaglege alternativet, det mest kostnadseffektive alternativet og den raskast moglege framdrifta på bygginga av ny Skram skule i Måløy. Vi ønskjer difor å fremje følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

«Kommunestyret i Kinn vel å gå vidare med alternativ 2 som er å rive all bygningsmasse og etablere eit nybygg på tomta ved Skram skule. Dette er det beste skulefaglege alternativet med brei og solid forankring i det skulefaglege miljøet ved skulen. Dette alternativet vil gje mest skule att for pengane og sikre god framdrift, god økonomistyring og eit mest mogleg framtidsretta skuletilbod for elevar, lærarar og administrasjon ved Skram skule. Eit nybygg vil sikre ein moderne, inkluderande og funksjonell skule som gjev elevane og dei tilsette eit skulebygg som er på høgde med kvalitetene ein finn ved Vågsøy ungdomsskule. Eit nybygg vil verre det rimelegaste alternativet for utviklinga av sentrumsskulen med ein budsjettert mindrekostnad på 88 millionar kroner i høve det dyraste alternativet, med langt mindre sjanse for store budsjettsprekkar og skjulte meirkostnader».

SV sitt framlegg til vedtak., foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Det vert gjennomført ein lokal prosess m.a. med folkemøte, for å kartlegge kva symbolverdi bygningen har, kva betydning den har for lokalbefolkninga og vurdere konsekvensane av ei evt. riving.
2. Skulen skal dimensjoneres for det elevtal som i dag tilhøyrer opptaksområdet.

Forslag til vedtak fra Sp, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti
Sak 92/21 - Skram skule

1. Det vert å gå vidare med alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg
2. Skulen vert dimensjonert for 250 elevar
3. Skulen skal innehalde basseng for svømmeopplæring

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Forslag frå Raudt

1. Nye Skram skule blir dimensjonert for 250 elevar.
2. Administrasjonen bes utgreie moglegheiter og kostnadskalkyle for å byggje større fleirbrukshall, med rom for fullstor handballbane.

Tilleggsforslag frå Raudt til Alternativ 3., foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
Kommunestyret viser til kommunestyrevedtak 027/21 og ber administrasjonen på nytt om å dokumentere bæreevne og brannmotstand i etasjeskillene i bygget frå 1920. Viss etasjeskillene kan bevarast og rehabiliterast blir den totale rehabiliteringa av bygget frå 1920 vesentleg mindre og TEK 17 blir då ikkje eit krav på heile bygget. Administrasjonen bes utgreie og legge fram rapport som viser

kva som vil være krav til TEK 17 ved en rehabilitering der etasjeskillene blir bevart.

Forslag fra H, foreslått av Kristian Skibenes, Vågsøy HøgreKinn Høyre

Skram Skule dimensjoneres til 250 elever. Adm og innleide konsulenter går videre med følgende alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

Det vart votert alternativt over prosjektutvalet si innstilling, alt. pkt. 2 og pkt. 3, opp mot framlegg frå MDG v/repr. Solheim.

Prosjektutvalet sitt framlegg vedtatt mot 19 røyster, SP-7, AP-10 og MDG-2.

Framlegg frå SP v/varaordførar Kongsvik, pkt. 2, om dimensjonering, vedtatt mot 10 røyster, AP-10.

Framlegg frå SP v/varaordførar Kongsvik, pkt. 3, om basseng, fekk 13 røyster og falt, SP-7, Frp-2, MDG 2, Rødt-2.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, om etasjeskillere, vedtatt mot 15 røyster, AP-10, KRF-1, MDG-2, SP-2.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, om fleirbrukshall, falt mot 6 røyster, Rødt-4, SP-2.

Framlegg frå SV v/repr. Frøyen vedtatt mot 8 røyster, MDG-2, SP-5, KRF-1.

KOST- 092/21 Vedtak:

1. Det vert å gå vidare med følgjande to alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

2. Skulen vert dimensjonert for 250 elevar.

3. Kommunestyret viser til kommunestyrevedtak 027/21 og ber administrasjonen på nytt om å dokumentere bæreevne og brannmotstand i etasjeskillene i bygget frå 1920. Viss etasjeskillene kan bevarast og rehabiliterast blir den totale rehabiliteringa av bygget frå 1920 vesentleg mindre og TEK 17 blir då ikkje eit krav på heile bygget. Administrasjonen bes utgreie og legge fram rapport som viser kva som vil være krav til TEK 17 ved en rehabilitering der etasjeskillene blir bevart.

4. Det vert gjennomført ein lokal prosess m.a. med folkemøte, for å kartlegge kva symbolverdi bygningen har, kva betydning den har for lokalbefolkninga og vurdere konsekvensane av ei evt. riving.

Bakgrunn for saka:

KOST- 027/21 Vedtak:

Prosjektplan for ny skram skule blir godkjent slik den ligg føre.

I det vidare arbeidet med prosjektet rapporterer kommunedirektøren til formannskapet i samsvar med gjeldande rutinar for investeringsprosjekt over kr. 10 mil.

Endring i framdriftsplan til at det er i kommunestyret den 15. juni som sak «utnyttelse av tomt/areal (riving/ikke riving)» skal avgjøres, og ikke som foreslått, i formannskapet den 1. juni.

I utgreiinga til sak «utnyttelse av tomt/areal (riving/ikke riving)» skal det foreligge skikkelig dokumentasjon av tilstand på etasjeskillene i gamlebygget. Det skal også legges fram hva slags konsekvenser et beslut om riving av gamlebygget vil få med tanke på at bygget i dag har status som verneverdig.

Denne saka handle om kommunesyrt sitt vedtak »*utnyttelse av tomt/areal (riving/ikke riving)*». Kommunedirektøren tilrår å gå vidare med to alternativ i denne omgang. For så, relativt raskt, komme tilbake med tilråding om eit alternativ.

Saksopplysningar:

Skram skule er i frå 1920, med fleire påbygg frå 1970 talet og 1997 med tilhøyrande idrettsarenaer, som gymnastikksal og symjebasseng.

Vågsøy kommune starta i 2017 med å engasjere Norconsult til å lage mulighetstudie for ny felles barneskule i kommunen og Skram skule spesielt. Med bakgrunn i disse rapportane valte ein å gå for ei utbygging på Skram skule, og fokusere på dei moglegheitene den tomte og bygningsmassen har.

Nordplan har laga ein brannteknisk rapport frå 2019 på oppdrag frå Vågsøy kommune, med utgangspunkt i bygg 1. Dette bygget er det eldste bygget, frå 1920. Deira rapport er tydeleg på at det er eit krevjande bygg å sikre.

Dagens prosjektorganisasjon blei operativ mars 2021. I forkant har det vært ute ein arkitekt og prosjekterings konkurranse. Den blei avslutta i mars og HR Prosjekt kom ut som vinnar med fokus på alternativ 3 i Norconsult sin studie for Skram skule. I det alternativet er det foreslått å rive bygg 1, og gå vidare med bygg 2 og 3 i varierende grad.

Vi ser at det er viktig å få på plass fleire alternativ med bakgrunn i dagens bygningsmasse og for å få vurdert dei økonomiske utfordringane, som er i prosjektet
Dei alternativa vi vil belyse er:

Alternativ 1. Rive bygg 1 (1920) og mellombygget delar av Bygg 2, som erstattast med nybygg, samtidig rehabilitere øvrig bygningsmasse.

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabilitere bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

Det utarbeidast rapport for alle alternativa. Se vedlagt frå vår konsulent HRP. (Vedlegg 1)

Vurderingar:

Vi planlegg ut i frå ein elevmasse på 300. Det er pr. juni 2021 ikkje gjort vedtak om elevtal for den nye skulen. Grunnen for å planleggje med eit alternativ på 300 er at det vil vere kurant for prosjektet å redusere omfanget, dersom kommunestyret vedtek eit lågare elevtal, enn 300. Eit motsett scenario vil vere vesentleg meir krevjande å handtere. I prosjektplanen for prosjektet ligg det inne ein føresetnad om at kommunestyret vedtar elevtal i juni. Å førebels planleggje med 300 er ein kompensasjon for at eit slikt vedtak ikkje kjem som forutsett. Slik som prosessen for skulebruksplanen no er bestemt, vil dette ikkje bli gjort for 28.10.21. Å planleggje med eit høgt elevtal, i den fasen vi no er, kompenserer for mogleg negativ konsekvens av prosjektet si framdrift. Vidare er det naudsynt at vi brukar like elevtal i alle alternativa, for å kunne samanlikne økonomien.

Det at det er to målformer gir planlegginga av romprogram ei utfordring. Skal vi planlegge med ulike romstørrelsar til undervisning, med bakgrunn i arealbehov. Eit år er det 30 elever med ei målform og 15 med ei anna målform. Det er ein mogleg kostnadsdriver.

Dei ulike alternativa vil ta opp i seg arealbehov og kostnader. Bygningsmasse plassering vil også bli framstilt i ei enkel form.

Bygg 1 (1920) sin alder og funksjon er eit gjennomgåande tema. Det er sagt noko om at etasjeskilje må vurderast i forhold til kapasitet og brannmotstand. Det er rett, men vi må snu på rekkefølge og først få på plass ei arkitektfagleg vurdering med kostnadsbilde, som TEK 17 krev. Avgjer ein tek for vidare «skjebne» for bygget må takst ut i frå det.

Kulturminne er også eit tema vi prøver etter beste evne å få dokumentert. Vi registrerer at det er ulike oppfatningar kva, som er eit kulturminne. Det er utarbeida eit notat frå HRP (vedlegg 2) og vi leverer med i saka eit internt notat. (Vedlegg 3)

Vi viser korthistoria og viktigheita med å bevare bygningen:

«Skolebygningen er en stolt lokal representant for nyklassisismen tegnet av arkitekt Anton Reimers Meyer (1880 – 1962). Bygningen er et historisk symbol på Måløy sin første økonomiske storhetstid, som gir oss oppfattelse av tida. Bygningen er også et vitnesbyrd om betydningen av kunnskap og samfunnsutvikling. Bygningen er et bygningsverk med bygningskulturell og håndverksmessig verdi. Skram skole har alltid fungert som skole og har stor identitetsverdi for Måløy med en synlig og sentral plass i samfunnet. I henhold til Riksantikvarens retningslinjer for verdivurdering har skolebygningen derfor stor kunnskaps-, opplevels- og bruksverdi. Bevaring av Skram skole vil være i tråd med nasjonal politisk strategi og planlegging.»

Vurdering av alternativ.

1.

Dette alternativet vil gje ei delt løysing som blir lite funksjonell. Med andre ord, det blir ikkje eit framtidsretta og godt anlegg for skuledrift. I og med at dette vil vere rehabilitering av gamal bygningsmasse vil det vere usikkerheit knytt til framdrift og økonomi. I utgangspunktet ser det ut til at dette alternativet er relativt likt med alternativ 2 når det gjeld investeringskostnader. Men pga. rehab. av gamal bygningsmasse vil usikkerheita vere vesentleg større enn alternativ 2. Konklusjon. kommunedirektøren tilrå ikkje å gå vidare med dette alternativet.

2.

Dette alternativet er det beste reint skulefagleg. Det vil gje «mest» skule for pengane, det har minst usikkerheit i høve; framdrift, økonomi og resultat. Skulemiljøet ynskjer dette alternativet. Det er vurdert til å vere det billigaste alternativet med minst usikkerheit. Konklusjon. Kommunedirektøren tilrår å gå vidare med dette alternativet.

3.

Bygg 1. er frå 1920. Det har ein godt dokumentert historie og plass i bymiljøet i Måløy. Å ta i vare, og rehabilitere dette bygget vere bra for kulturhistoria og identiteten til Måløy by. Å gå vidare med dette alternativet vil vere det beste miljøalternativet. Alternativet vil gje relativt dårleg utnytting av areal. Noko som gjer at vi får fleire kvm å byggje og drifte. Dette er det dyraste alternativet. Konklusjon. Kommunedirektøren tilrår å gå vidare med dette alternativet.

Oppsummering

I tilrådinga frå kommunedirektøren er det lagt vekt på skulefagleg forhold, usikkerheit, økonomi, miljø og kultur/historiske verdiar. Kommunedirektøren meiner at det så langt ikkje er gjennomført ein tilstrekkeleg prosess lokalt i høve det å ta vare på/ikkje ta vare på bygg 1. Difor blir det tilråd å gå vidare med dette alternativet. Sak om endeleg val av konsept må seinast handsamast i kommunestyret 23.sept.

Økonomiske konsekvensar:

Vi ser at det er store sprik i kalkyle på dei forskjellige alternativa. Det er også tydeleg at ramma blir utfordra.

Viser til vedlagte kalkyle tall. (Vedlegg 1)

Det framleggas resultat av programmering (rombehov). Dei talla er styrande for kalkyle. Pga at tomta er skrånande må vi auke brutto/netto faktor frå 1,45 til 1,60 for med unntak for gymnastikkareal. Dette er i hovudsak på ekstra ytterveggar og at det vanskeleg å sleppe inn nok lovpålagt vindaugareal. Brutto/netto faktor er areal som ytterveggar, gangar trappehus, heiser, innervegger og sjakter.

Den budsjettamma som er lagt inn i økonomiplanen er ein førebels avsettnad for å lage ein økonomiplan. Ei slik førebels avsetnad har naturleg nok vesentlege manglar.

Avsettnaen i økonomiplanen blir kraftig utfordra. Vi viser det i vedlegg 4. To av alternativa er ganske like, men det dyraste har betydelege større kostnader i seg. Hovudgrunnen er bevaring av bygg 1 (1920 bygg). Det å få det opp til TEK 17 standard, er ein krevjande øvelse med store usikkerheiter, men kan gjennomførast.

Vi vil også vise ein miljørapport i vedlegg 1, som tar for seg dei forskjellige kostnadsdrivarane og moglegheitene det ligg i gjenbruk.

Administrasjonen, saman med konsulent vil gå gjennom vedlagte dokumenter i prosjektutvalet sitt møte.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

- Plan- og bygningsloven.
- Byggteknisk forskrift TEK17.
- Byggesaksforskriften SAK10.
- Opplæringsloven og Forskrift til opplæringslova.
- Arbeidsmiljøloven.
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler.
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr.
- Fagfornyelsen.
- Kulturdepartementets veileder til "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg", 2012.
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020.

Vedlegg i saken:

Skram skole - Leveranse - Alternativsvurdering Vedlegg1

Kulturminnedokumentasjon Skram skole - Vedlegg 3

Skram skule - Vurdering av verneverdi



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/21	Samferdsleutvalet	03.06.2021
045/21	Formannskapet	08.06.2021
093/21	Kommunestyret	15.06.2021

Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune - Eigengodkjenning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune vert vedteke silk den ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021

Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune vert vedteke med følgjande endringar:

Pkt 34 i Kommunal veg vert tatt ut grunngjeve i at den er komt inn ved èin feil.

Det skal utarbeidast eit enkelt kvartalsvis oppfølgingssystem som viser framdrift i arbeidet med tiltaka i planen.

Samferdsleutvalet 03.06.2021:

Handsaming:

ve i at den er komt inn ved èin feil., foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre

Pkt 34 i Kommunal veg vert tatt ut grunngjeve i at den er komt inn ved èin feil.

Opp, foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre

Det skal utarbeidast eit enkelt kvartalsvis oppfølgingssystem som viser framdrift i arbeidet med tiltaka i planen.

Røysting:

Samrøystes vedteke, med tilleggspunkt.

SAUV- 017/21 Vedtak:

1. Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune vert vedteke silk den ligg føre.
2. Pkt 34 i Kommunal veg vert tatt ut grunngjeve i at den er komt inn ved ein feil.
3. Det skal utarbeidast eit enkel kvartalsvis oppfølgingssystem som viser framdrift i arbeidet med tiltaka i planen.

Formannskapet 08.06.2021:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå samferdsleutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 045/21 Vedtak:

Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune vert vedteke med følgjande endringar:

Pkt 34 i Kommunal veg vert tatt ut grunngjeve i at den er komt inn ved èin feil.

Det skal utarbeidast eit enkelt kvartalsvis oppfølgingssystem som viser framdrift i arbeidet med tiltaka i planen.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Røysting:

Formannskapet si innstilling samrøystes vedtatt.

KOST- 093/21 Vedtak:

Trafikktryggingsplan 2021-2030 for Kinn kommune vert vedteke med følgjande endringar:

Pkt 34 i Kommunal veg vert tatt ut grunngjeve i at den er komt inn ved èin feil.

Det skal utarbeidast eit enkelt kvartalsvis oppfølgingssystem som viser framdrift i arbeidet med tiltaka i planen.

Bakgrunn for saka:

Samferdsleutvalet i Kinn kommune vedtok i sak 11/20, den 27. november 2020, oppstart av revisjon av trafikktryggleiksplan for 2021 - 2030. Det blei varsla oppstart og moglegheit for å kome med innspel til plan og behov for tiltak i perioden 15. februar – 12. mars 2021.

Det kom kring 150 innspel til tiltak i innleiande runde.

Samferdsleutvalet vedtok i sak 14/21 den 27. april 2021, å sende utkast til trafikktryggingsplan ut til offentleg ettersyn i perioden 30. april – 16. mai 2021.

Det er kome 11 høyringsinnspel frå 7 ulike paratar. Innspela er kommentert under vurderingar.

Vedteken plan skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i kommunen. Det skal arbeidast systematisk og målretta for å nå Kinn kommune sin visjon, satsingsområde og mål i komande periode.

Ein oppdatert trafikktryggingsplan er i tillegg avgjerande for å kunne søke om trafikktryggingsmidlar.

For oppfølging av vedteke plan, må det bevilgast midlar. Dette må gjerast i den årleg budsjettprosessen.

Planen kan lesast ved å følgje link: <https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/nyekinn/effa7916-d719-48f1-8044-0fdded3ea26f/plan-a60e997f-9f44-45bb-80a9-ad8d8122410c/>

Saksopplysningar:

Etter vedtak om oppstart, vart det satt ned ei administrativ arbeidsgruppe for å jobbe med revisjon av trafikktryggingsplanen. Kommunen valte også å knyte til seg konsulent i arbeidet. Etter konkurranse vart Norcolsult valt.

Følgjande har delteke i arbeidsgruppa:

Namn	Organisasjon
Odd Henning Svoren	Kinn kommune – avdelingsleiar kommunale vegar/gatelys, Måløy
Sigmund Solheim	Kinn kommune – avdelingsleiar kommunale vegar/gatelys, Florø
Frode Ellingsund	Kinn kommune – Teknisk sjef
Oddvar Andreas Skrede	Statens vegvesen
Susanne Stølheim Aasen	Vestland fylkeskommune
Linn Kathrin Bakke	Vestland fylkeskommune
Kåre Toreid	Politiet
Knut Olav Nestås	Trygg Trafikk
Mats Korneliussen	Oppdragsleiar - Norconsult

Handsaming av innspel etter offentleg ettersyn:

Innspel	Beskrivelse/ oppsummering	Adm. kommentar
André N. Haave	Standalsvegen, KV 2133	Tas med i planen – ligger som hvit (uprioritert rekkefølge)
Jacob Nødseth	Oppgradering av vegen	Tas med blant andre tiltak/organisatoriske oppdrag
Magnar Svoren	Utarbeide strategi for klippe hekkar mv. for å sikre sikt og trafikktryggleik.	
	Kv5170 – Indre Kulen	Tas med i planen – ligger som hvit (uprioritert rekkefølge)
	Fartsdempende tiltak ved hus nr. 1, 29, 26, 37 og 39	
Torvmyrane skule	Utbetring i Botnaholten(nord) vil(?) auke trafikken på skulevegen(botnaholten sør og området kring kviteberget). Vert det gådd ut med noko informasjon kring dette, skilting etc?	Utbetring i Botnaholten Nord er vedteke og planlagt gjennomført i 2022. Informasjon vert gitt til alle berørte partar.
Torvmyrane skule	Ønskje frå FAU/Skule om å flytte busstopp på topp – uoversiktleg, det ligg i sving. Samarbeid med Firda bilag om evt busstopp-endring?	Tas med i planen – ligger som hvit (uprioritert rekkefølge)
Torvmyrane skule	Høgare gjerde mot veg ved grasbana som ligg sør for skulen.(usikker på om problemstillinga er rett	Vert adressert gjennom ordinær drift. Skal prioriterast å få gjennomført.

Føresetnaden for gjennomføring av tiltak beror i mange høve ikkje på kommunen, men på andre offentlege mynde eller privatpersonar. Kommunen kan likevel i desse høva vere ein pådrivar og/ eller rettleiar.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen kan årleg søke om trafikktryggingsmidlar, men tilsagn avheng av at kommunen har avsett eigenkapital.

I forbindelse med den årlege budsjettprosessen skal det meldast inn behov for eigenkapital knytt til trafikktryggingsarbeidet, basert på realistiske forventningar for gjennomføring.

Reduksjon i antall skadde eller drepne vil ha stor positiv samfunnsøkonomiske konsekvens. Kostnadar med tapt arbeidskraft, ivaliditet, uførhet, rehabilitering med vidare er store. I tillegg oppnår ein sjølvsagt mindre lidelse og sorg.

Dersom ein gjennom trafikktryggingsarbeidet oppnår betre gang- og sykkelveggar samt ein generell auke i innbyggjaranes sin følelse av tryggleik, vil ein truleg samstundes oppnå at fleire vel å gå eller å bruke sykkel som transportmiddel. Soleis vil biltrafikk verte redusert og klimagassutsleppet frå biltrafikk vert mindre.

Vedlegg i saken:

VS: Bekymrings melding trafikale forhold

Innspeil Høyring trafikk Botnaholten

Høyringsuttale til trafikktryggingsplan 2021-2030 - Statens vegvesen

Høyringsuttale til trafikktryggingsplan 2021-2030 - Vestland fylkeskommune

Høyringsuttale til trafikktryggingsplan

metadata_Høyringsuttale

Høyringsuttale til trafikktryggingsplan

metadata_Høyringsuttale

Høyringsuttale til trafikktryggingsplan

metadata_Høyringsuttale

Høyringsinnspel: Renovering av "Standalsvegen", KV 2133

Kart Standal

Anbodsbeskrivelse Ramsdal Maskin

Bilde 6

Bilde 3

Bilde 1

Firdaposten - 18.05.2013_print



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/21	Kommunestyret	15.06.2021

Justert selskapsavtale for Alarmsentralen IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Kinn kommune godkjenner utkast til selskapsavtale.

Bakgrunn for saka

Representantskapet i Alarmsentralen IKS fatta den 3. 11. 2020 revidert selskapsavtale. Vedtaket har bakgrunn i at selskapsavtalen vedteke i 2019 (sak 06/19) ikkje vart godkjent av Føretaksregisteret..

Kommunane handsama også i 2019 i Plan for responscenterfunksjon. Etter planen si godkjenning har Alarmsentralen teke i bruk nytt digitalt alarmmottak for velferdsteknologi. Alle kommunane har også slutta seg til felles innkjøp av sensorar og digitalt utstyr. Kommunane har no ei heilskapleg løysing og avklarte vilkår for innkjøp for å kunne ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som Helsedirektoratet har gjeve råd om.

Vurdering

Selskapsavtalen er bygd opp med utgangspunkt i *Lov om interkommunale selskap av 29.01. 1999*. Punkta som foretaksregisteret ikkje godkjende var primært at avtalen tok opp i seg endringane som vil skje i framtida når 110-sentralen overførast til Bergen brannvesen med verknad frå 1.2.2021. Selskapsavtala skal vise til dagens organisering av sentralen. Selskapsavtalen må derfor leggjast fram for alle kommunane på nytt.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 094/21 Vedtak:

1. Kinn kommune godkjenner utkast til selskapsavtale.

		regulerast i noverande selskapsavtale.
§ 3	Nytt tillegg: låneramme på MNOK 8 er sett inn.	Presisering i tråd med selskapsavtalen frå 2012.
§ 3	Tillegg til eigarkommunane si plikt til samarbeid og deltaking på like vilkår; “[...] herunder ha tilgang på dei same tenestene og lik deltaking i selskapet sine styrande organ”	Presisering
§ 5 d)	Tillegg om at det skal veljast 2 varamedlemmer til styret. Val av valnemnd er endra til at leiar og nestleiar i representantskapet utgjer valnemnda.	Endringa samsvarer med tidlegare selskapsavtale (frå 2012) og praksis.
§ 7	Månadleg innbetaling til selskapet er erstatta med årleg innbetaling i starten av året med betalingsfrist 01.02.	Presisering i samsvar med praksis
§ 7	Fordeling av driftskostnadane: Justeringsnøkkel med 10 % fast og 90 % etter innbyggartal er fjerna.	Jf. over gjeld denne justeringsnøgkelen først etter 1.2.2021, og kan ikkje gå fram av no gjeldande selskapsavtale.
§ 9	Tillegg vedr. kommunane si bindingstid: “[...] rekna frå ny selskapsavtale vert vedteken”.	Presisering
§ 15	Kommuneoversikten er fjerna.	Oversikt over eigarkommunane med ansvar og eigardel er no regulert i § 3, jf. over.

Øvrige vilkår knytter seg til ordinære selskapsforhold som; Representantskapen er høgast organ og kommunane vel kva sin representant. Representantskapen set saman styre. Kommunane sin fag- og ressurspersonar innan helse- og omsorg kan oppnemnast i eit fagråd. Medverknad og deltaking i utvikling av selskapet sine tenester er viktig. Kommunane har etterspurt eit slikt organ. Kommunane heftar for selskapet sin forpliktelsar og låneopptak. Dette er eit viktig prinsipp slik at investering og driftskostnader vert fordelt mellom deltakarane og brukarane av tenester.

Det gjerast merksam på at selskapsavtalen må endrast på ny våren 2021, i samband med endringane som skjer når 110-sentralen samlokalisert i Bergen. Det er ikkje mogeleg å vedta ny selskapsavtale med verknad fram i tid, og ny sak om selskapsavtalen vil difor bli lagt fram for eigarkommunane etter 1.2.2021

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Dokument i saka

2. Framlegg til ny selskapsavtale
3. Informasjon om endringar ved Alarmsentralen.

Vedlegg i saken:

Vedlegg 2. Framlegg til ny selskapsavtale (L)(126523)

Vedlegg 3. Innformasjon om endringar ved sentralen (L)(126524)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
095/21	Kommunestyret	15.06.2021

Kommunal vigselfrett - supplerig vigslarar i Måløy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tove Lill Refvik Volle, Edvard Iversen og Morten Andreas Hagen får mynde til å vere vigslarar ved borgarleg vigself i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren samrøystes vedtatt.

KOST- 095/21 Vedtak:

Tove Lill Refvik Volle, Edvard Iversen og Morten Andreas Hagen får mynde til å vere vigslarar ved borgarleg vigself i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b.

Bakgrunn for saka:

Grunna endring i tilsettingstilhøve er det behov for supplerig av vigslarar i Måløy og omegn.

Saksopplysningar:

Ansvar for borgarlege vigslar har vore eit kommunalt ansvar sidan 1. januar 2018. Reglane om inngåing av ekteskap følger av ekteskapslova kapittel 3. Vigselsmynde er i lova lagt direkte til ordførar og varaordførar. Vedtaket om kven som skal ha vigselsmynde i tillegg til ordførar og varaordførar, kan ikkje gjerast av andre enn kommunestyret.

Sak om vigselsmynde og utnemning av vigslarar vart gjort i sak 46/19 i november 2019.

Vigslarar i Måløy og omegn er i dag Ellen Jåvold, Linda Larsen, Jeanett Jensen og Kristin Maurstad, i tillegg til varaordførar Sidsel Kongsvik.

Vurderingar:

Det er opp til kommunestyret å velge om vigslarane skal vere politikarar eller tilsette frå

kommuneadministrasjonen. Kommunen må ha fleire vigslarar som kan gjennomføre vigselen på engelsk.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret gjev tilstrekkeleg tal personar vigselsmynde, slik at desse kan avløyse ordførar/varaordførar ved forfall, eller dersom brudefolket ønskjer andre vigslarar. Det er viktig å gje innbyggjarane i kommunen eit stabilt og fleksibelt tilbod, slik at vigselen kan gjennomførast etter brudefolket sine ønsker. For å unngå hyppige skifter av kven som har vigselsmynde, og eventuell usikkerheit knytt til dette, anbefaler departementet at vigselsmynde vert gjeve for ein lengre periode, og at det ikkje tildelast vigselsmynde for einskildhøve. Det er ikkje påkrevd nokon særleg fagkompetanse for å vere vigslar, men det er vesentleg at dei utnemnde personane kan ivareta vigselen sin seremonielle karakter.

Det går fram av lova sine forarbeid (prop. 91 L (2016-2017)), at vigselsmynde er gjeve til personar, og ikkje rettssubjekt. Vigselsretten opphøyrer dersom vedkomande ikkje lenger er folkevalgt eller tilsett i kommunen. Vigselsretten vil også opphøyre dersom kommunestyret trekker tilbake tildelinga.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om ekteskap (ekteskapsloven) - <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-07-04-47>

Forskrift om kommunale vigsler - <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-18-1421?q=vigsler>

Vedtak om borgerlig vigselsformular - <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-01-19-4263?q=vigselsformular>

Rundskriv om kommunale vigsler (Q-11/2017) - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler/id2572038/>

Prop. 91 L (2016-2017) – Endringer i ekteskapsloven m.v. - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-91-l-20162017/id2547555/>



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/21	Styret i Florø hamn KF	27.05.2021
096/21	Kommunestyret	15.06.2021

Forslag til endring i investeringsbudsjett Florø hamn Kinn kommune KF 2021

Hamnesjefen sitt framlegg til vedtak:

«Hamnestyret vedtar foreslåtte endringer for investeringsbudsjett 2021 ifølge saksutgreiing og vedlagt taloppstilling.»

Styret i Florø hamn KF 27.05.2021:

Handsaming:

Samrøystes.

I saksutgreiinga til kommunestyret presiserer hamnestyret at endringane gjeld tre grunnar:

1. Hovudsakleg er dette forskyving av tidshorisont/betalingsplan, at utbetalingane er flytta frå 2020 og 2022, til 2021.
2. Sal av areal i Gunhildvågen og containertruck var ikkje budsjetttert med og har skapt meirinntekt.
3. Hamnestyret vedtok i desember 2020 å bygge ein uinnreidd opsjonsetasje på kontorbygget på Fugleskjærkaia. Dette, samt ein buffer til uforutsette hendingar, er lagt inn i investeringsbudsjette. Sistnemnte buffer inkluderer handlingsrom til å gjere naudsynte endringar knytt til nye anbudsruiter til Vestland fylkeskommune, og som vil bli nedbetalt i leigeavtalen med dei.

Det låge rentenivået slår også ut på inntektssida til kommunen. I revidert budsjett er samla renteinntekt redusert med 2,775 millionar kroner.

Avdragsutgifter

I tråd med ny kommunelov skal minste lovlege avdrag bli berekna ved å sjå årets ordinære avskrivningar i forhold til bokførte anleggsverdiar ved inngangen til året, multiplisert med netto lånegjeld ved inngangen til året. Dette har medført ei betydeleg - og økonomisk sunn - auke i Kinn kommune sin nedbetaling av lånegjelda. I løpet av 2020 har det vore jobba grundig med rekneskapsføring av ordinære avskrivningar, og desse kom endeleg på plass i samband med årsoppgjeret for 2020. Før det har vi måtte gjere eit grovare stipulat for anslag på avdraget. I budsjettføresetnadane for 2021 var det lagt til grunn eit avdrag på 4,04% av stipulert netto lånegjeld 1.1.2021. Rekneskapen er no oppdatert med ordinære avskrivninga for 2021. Ut frå rekneskapen må Kinn betale eit avdrag som utgjør 4,29% av netto lånegjeld. Kommunen må betale 5,718 millionar kroner meir i avdrag enn opphavleg budsjetttert i 2021. Nivået på kommune sitt årlege minimumsavdrag vert no auka i revidert budsjett, og grunnlaget for å berekne meir presise avdrag framover er på plass.

Aksjeutbytte

Samla utbytte frå SFE og S-F Holding AS var i opphavleg budsjett sett til 12 millionar kroner. Ut frå kjent informasjon på noverande tidspunkt vil Kinn kommune få utbetalt 6,578 millionar kroner i samla utbytte i år. Av dette kjem 3,098 millionar kroner som utbytte frå S-F Holding, og stipulert 3,48 millionar kroner frå SFE. Budsjettet må ut frå dette takast ned med 5,422 millionar kroner i år.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenestoområda

Beløp i 1000

	Opph.	Rev.	Prognose	Avvik i	Ønska

	bud.	bud. 2021		kr	justering
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Avsetning disposisjonsfond	4 622	4 622	11 498	-6 876	6 876
Avsetning bundne driftsfond	0	0	2	-2	0
Bruk av disposisjonsfond	-7 607	-7 607	-26 573	18 966	-14 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetnader	-2 985	-2 985	-15 073	12 088	-7 124

Avsetning disposisjonsfond

Avsetning til disposisjonsfond er auka med 6,876 millionar kroner. Denne auken er knytt til tilbakebetalingar frå sjølvkostområda vatn, avløp og slam.

Bruk av disposisjonsfond

I prognosen for 2021 er det lagt til grunn at heile disposisjonsfondet går med til å dekke prognostisert meirforbruk i tenestene på 37,093 millionar kroner. Etter slik inndekking viser prognosen framleis eit meirforbruk på 16,468 millionar kroner.

I revidering av budsjettet er det lagt til grunn å auke bruke av disposisjonsfondet med 14 millionar kroner for å balansere drifta. I revidert budsjett er det med det lagt til grunn at kommunen vil ha igjen eit samla bufferfond på i underkant 5 millionar kroner ved inngangen til 2022.

Oppsummering av skjema 1a og 1b vert vist i tabellen på neste side. For nærare informasjon om det enkelte tenestemråde vert det vist til publisert 1. tertialrapport i Framsikt på følgande link:
https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2021/nyekinn/8f3a21db-456f-4a08-a57f-c31c836b2bea/mr-202104-1_tertialrapportering_2021_i_kinn/

- = inntekt (kredit) + = utgift (debit)	Prognose 2021	Budsjett 2021	Avvik	Avvik%	Forslag budsjettendring	Revidert budsjett 1-2021
Oversyn løyving drift (§5-4) - skjema 1a:						
Skatt på inntekt og formue	-576 901	-556 819	-20 082	3,6 %	-20 082	-576 901
Rammetilskot	-536 290	-545 038	8 748	-1,6 %	8 748	-536 290
Eigedomsskatt	-79 500	-79 500	0	0,0 %	0	-79 500
Kompensasjonstilskot	-4 495	-4 495	0	0,0 %	0	-4 495
Vertskommunetilskot	-17 214	-15 600	-1 614	10,3 %	-1 614	-17 214
Tilskot Havbruksfond	-17 180	-17 180	0	0,0 %	0	-17 180
Renteinntekter	-9 519	-12 277	2 758	-22,5 %	2 775	-9 502
Utbytter	-6 578	-12 000	5 422	-45,2 %	5 422	-6 578
Renteutgifter	41 932	44 717	-2 785	-6,2 %	-2 854	41 863
Avdrag på lån	102 165	96 474	5 691	5,9 %	5 718	102 192
Netto avsetningar til eller bruk av bunde driftsfond	-1 737	-485	-1 252	258,1 %	-1 500	-1 985
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-15 075	-2 985	-12 090	405,0 %	-7 124	-10 109
Sum sentrale budsjettpostar skjema 1a	-1 120 392	-1 105 188	-15 204	1,4 %	-10 511	-1 115 699
Løyvingar drift (§5-4) - skjema 1b:						
Politisk leing	9 409	9 052	357	3,9 %	0	9 052
Sentraladministrasjon	98 899	90 232	8 667	9,6 %	4 730	94 962
Felles - diverse (inkl premieavvik pensjon)	-29 907	-30 848	941	-3,1 %	0	-30 848
Barnehage	154 173	153 408	765	0,5 %	4 165	157 573
Grunnskule	310 396	300 134	10 262	3,4 %	6 049	306 183
Kommunehelse	72 226	64 920	7 306	11,3 %	7 701	72 621
Pleie og omsorg	415 909	418 145	-2 236	-0,5 %	2 513	420 658
Barnevern	42 307	42 453	-146	-0,3 %	0	42 453
Sosialteneste	25 765	26 059	-294	-1,1 %	-132	25 927
Kultur, fritid og kyrkje	53 608	48 158	5 450	11,3 %	1 250	49 408
Plan, byggesak og miljø	13 162	12 329	833	6,8 %	0	12 329
Næring og samferdsle	33 252	33 687	-435	-1,3 %	-4 243	29 444
Bustad	-1 707	-1 859	152	-8,2 %	0	-1 859
Brann- og ulukkesvern	28 650	21 014	7 636	36,3 %	6 000	27 014
Vatn, avløp og renovasjon	-8 347	-8 387	40	-0,5 %	0	-8 387
Finans (inkl reservert løyving)	39 501	41 706	-2 205	-5,3 %	-12 146	29 560
Sum tenesteområda i skjema 1b	1 257 296	1 220 203	37 093	3,0 %	15 887	1 236 090
<i>Av dette:</i>						
Avskrivningar	110 464	110 500	-36	0,0 %	0	110 500
Netto renteutgifter og -inntekter	349	298	51	17,1 %	0	298
Avdrag på lån	53	80	-27	-33,8 %	0	80
Netto avsetningar til eller bruk av bunde driftsfond	-1 740	-485	-1 255	258,8 %	-1 500	-1 985
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	11 310	4 622	6 688	144,7 %	6 876	11 498
<i>Meirforbruk</i>	<i>16 468</i>	<i>0</i>	<i>16 468</i>		<i>0</i>	<i>0</i>

Økonomiske konsekvensar:

Som vist i saksutgreiinga og publisering i Framsikt. Ut frå kjent økonomisk informasjon på tidspunkt for rapportering, må Kinn kommune balansere driftsrekneskapen med betydeleg bruk av bufferfond også i 2021. Kinn kommune si drift er ikkje økonomisk berekraftig. Det er stor risiko for at bufferfondet vert tappa i 2021, og at kommunen går ut med eit meirforbruk i driftsrekneskapen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Link til publisert versjon i Framsikt: [https://apppublishframsikt-](https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2021/nyekinn/8f3a21db-456f-4a08-a57f-c31c836b2bea/mr-202104-1_tertialrapportering_2021_i_kinn/)

[staging.azurewebsites.net/2021/nyekinn/8f3a21db-456f-4a08-a57f-c31c836b2bea/mr-202104-1_tertialrapportering_2021_i_kinn/](https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2021/nyekinn/8f3a21db-456f-4a08-a57f-c31c836b2bea/mr-202104-1_tertialrapportering_2021_i_kinn/)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/21	Kommunestyret	15.06.2021

Rapport - ekstern undersøking i samband med Nordfjord Havn IKS

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret syner til rapport av 06.06.2021 frå KPMG Law Advokatfirma AS og finn at undersøkingane av faktiske tilhøve, utgreiingane av regelverket, samt dei vurderingane som ligg til grunn for rapporten gir tenlege svar på oppdraget frå kommunen.
2. Ut frå det som er kome fram under undersøkingane synest det forsvarleg å konkludere med at det ikkje vert gjort gjeldande ansvar eller tiltak overfor selskapet eller einskildpersonar.
3. Den gjennomførde kontrollen av Nordfjord Havn IKS vert å sjå på som avslutta, og rapport av 06.06.2021 frå KPMG Law Advokatfirma AS vert teken til etterretning.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Saka vart handsama etter sak 089/21.

Orientering v/leiar i Kontrollutvalet Kjell Heggen.

Røysting:

Framlegg frå kontrollutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 104/21 Vedtak:

1. Kommunestyret syner til rapport av 06.06.2021 frå KPMG Law Advokatfirma AS og finn at undersøkingane av faktiske tilhøve, utgreiingane av regelverket, samt dei vurderingane som ligg til grunn for rapporten gir tenlege svar på oppdraget frå kommunen.
2. Ut frå det som er kome fram under undersøkingane synest det forsvarleg å konkludere med at det ikkje vert gjort gjeldande ansvar eller tiltak overfor selskapet eller einskildpersonar.
3. Den gjennomførde kontrollen av Nordfjord Havn IKS vert å sjå på som avslutta, og rapport av 06.06.2021 frå KPMG Law Advokatfirma AS vert teken til etterretning.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Kinn gjorde den 18.02.2021 følgande vedtak i sak 05/21:

1. Kommunestyret vedtek oppfølging av selskapskontrollen i Nordfjord Havn IKS, j fr. kommunestyresak i Vågsøy sak 085/19, med heimel i kommunelova § 23-6 (Innsyn og undersøkingar i selskap og liknande), innanfor følgjande fokusområde:
 - a. Etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier.
 - b. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
 - om nokon av aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
 - om Nordfjord Havn IKS har gjort anskaffingar som etterpå er bortfesta til andre.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å foreta mindre endringar av mandatet.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre konkurranseutsetjing av dei ovanfor nemnde kontrolloppgåvene i samsvar med anskaffelsesregelverket.
4. Finansiering skal vere over kontrollutvalet sitt budsjett og kan ikkje gjennomførast med mindre nok midlar vert løyvde i budsjettet for 2021.
5. Ein førebels prosjektrapport, som grunnlag for rapportering til kommunestyret, skal ligge føre hjå kontrollutvalet seinast i mai 2021.
6. Uavhengig av mandatet som i denne saka blir gjeve til kontrollutvalet ber kommunestyret eigarrepresentantane i selskapet ta opp om kostnaden som denne saka genererer kan og bør dekkast heilt eller delvis av føretaket.
7. Det vert sett ei øvre grense for bruk av midlar til gjennomføring av kontrollen på kr 500.000,-

Saksopplysningar:

På vegne av Kinn kontrollutval gjennomførde Vest kontroll konkurranseutsetjing etter regelverket for offentlege anskaffingar. Sekretariatet retta førespurnader om tilbod frå fire potensielle leverandørar av tenestene, to av desse ga inn tilbod. KPMG Law Advokatfirma AS sitt tilbod vart valt som det beste.

Vedlegg i saken:

Rapport om ekstern undersøking i tilknytning til Nordfjord Havn IKS

Saksframlegg: Rapport om ekstern undersøking i tilknytning til Nordfjord Havn IKS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/21	Administrasjonsutvalet	11.05.2021
037/21	Formannskapet	18.05.2021
042/21	Formannskapet	08.06.2021
105/21	Kommunestyret	15.06.2021

Kva skjer med openheita?

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «[Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova](#)». «

Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentlig sektor.

Fagleg innhald

"Innsyn" gjev deg kunnskap om
Hovudregelen i lova om openheit,
Kvifor openheit er viktig og kvifor det kan vere vanskeleg
Forvaltinga har ei digital arbeidsform, og openheit gjeld same korleis informasjonen er lagra
Journalføring og informative overskrifter er føresetnad for openheit
Dei mest aktuelle unntaka frå hovudregelen om openheit, og kva som er vilkår for å bruke dei.
Det er eit særleg fokus på unntaka om interne dokument
Kva meiroffentlegheit er, og korleis kravet om meiroffentlegheit står opp om hovudregelen om openheit
Korleis innsynskrav skal behandlast og dei viktigaste trinna i vurderinga av dei
Kva du må gjere om det kjem klager på at innsynskrav er avslege

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021

1. Meroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Kinn kommune.

2. Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «[Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova](#)». « Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis

du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentleg sektor.

3. Kinn kommune oppfordrer ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommuna, også når det gjelder negative forhold.

Det vises i den anledning også til følgende utdrag fra delegeringsreglementet:

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

4. Kinn kommune sørger for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.

5. Møte i politiske organ skal streames og lagres så langt det lar seg gjere. Dette gjeld desse organa: kommunestyre,

formannskap,

PMN-utval,

Helseutval,

Oppvekst- og kulturutval,

Samferdsleutval,

Kontrollutval,

Administrasjonsutval.

Administrasjonsutvalet 11.05.2021:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

Åpenhet i Kinn kommune

1. Meroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Kinn kommune.

2. Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova». «Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentleg sektor.

3. Kinn kommune oppfordrer ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommuna, også når det gjelder negative forhold.

Det vises i den anledning også til følgende utdrag fra delegeringsreglementet:

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

4. Kinn kommune sørger for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.

5. Møte i politiske organ skal streames og lagres. Om dette medfører store ekstrakostnader ber vi om

at utvalgsmøter blir lagt til forskjellige tidspunkt sånn at eksisterende utstyr kan brukes.

Samrøystes

ADMU- 018/21 Vedtak:

Åpenhet i Kinn kommune

1. Meroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Kinn kommune.
2. Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova. « Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentlig sektor.
3. Kinn kommune oppfordrer ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommunen, også når det gjelder negative forhold.

Det vises i den anledning også til følgende utdrag fra delegeringsreglementet:

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

4. Kinn kommune sørger for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.
5. Møte i politiske organ skal streames og lagres. Om dette medfører store ekstrakostnader ber vi om at utvalgsmøter blir lagt til forskjellige tidspunkt sånn at eksisterende utstyr kan brukes.

Formannskapet 18.05.2021:

Handsaming:

Eit samla formannskap valgte å utsette saka då møtebok og vedtak frå møte i administrasjonsutvalet 11.05.2021, ikkje er ferdigstillt.

FORM- 037/21 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte formannskapet.

Formannskapet 08.06.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG, nytt pkt. 5, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
«Møte i politiske organ skal streames og lagres så langt det lar seg gjøre. Dette gjeld desse organa:
kommunestyre,
formannskap,
PMN-utval,
Helseutval,
Oppvekst- og kulturutval,
Samferdsleutval
Kontrollutval

Framlegg fra MDG, tilleggspunkt til framlegget., foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne Formannskapet ber om at kommunedirektøren før handsaming i kommunestyret gjer greie for kostnad og meirarbeid i samband med streaming som nevnt i pkt. 5.

Tillegg til tidligere framlegg (liste) i nytt pkt. 5, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne "Administrasjonsutval"

Formannskapsmøter og kommunestyremøter skal strømmast gjennom Kommune-TV løysinga frå Aventura.

Røysting:

Pkt. 1-4 i innstilling frå administrasjonsutvalet samrøystes vedtatt.

Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, nytt pkt. 5 og tillegg til pkt. 5, samrøystes vedtatt.

Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, tilleggspunkt til framlegget falt mot 1 røyst, MDG-Bovim.

FORM- 042/21 Vedtak:

1. Meroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Kinn kommune.

2. Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova. « Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentleg sektor.

3. Kinn kommune oppfordrar ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommuna, også når det gjelder negative forhold.

Det vises i den anledning også til følgende utdrag fra delegeringsreglementet:

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarepolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

4. Kinn kommune sørger for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.

5. Møte i politiske organ skal streames og lagres så langt det lar seg gjere. Dette gjeld desse organa:

kommunestyre,

formannskap,

PMN-utval,

Helseutval,

Oppvekst- og kulturutval,

Samferdsleutval,

Kontrollutval,

Administrasjonsutval.

Kommunestyret 15.06.2021:

Handsaming:

Frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
Tillegg til pkt. 5 i innstillinga frå formannskapet:
Prosjektutvalet

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tilleggsframlegg frå Raudt v/repr. Odeide, samrøystes vedtatt.

KOST- 105/21 Vedtak:

1. Meroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Kinn kommune.

2. Kinn kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Kinn kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/> og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova. « Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentlig sektor.

3. Kinn kommune oppfordrer ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommunen, også når det gjelder negative forhold.

Det vises i den anledning også til følgende utdrag fra delegeringsreglementet:

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarepolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

4. Kinn kommune sørger for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.

5. Møte i politiske organ skal streames og lagres så langt det lar seg gjere. Dette gjeld desse organa:

kommunestyre,
formannskap,
PMN-utval,
Helseutval,
Oppvekst- og kulturutval,
Samferdsleutval,
Kontrollutval,
Administrasjonsutval,
Prosjektutvalet.

Bakgrunn for saka:

Interpellasjon i Kinn kommunestyre, sjå vedlegg.

Saksopplysningar:

Kinn kommune er ein transparent kommune som er oppteken av openheit.

Vi journalfører all inn- og utgåande dokument/korrespondanse og dokumenta ligg tilgjengeleg på Kinn kommune si heimeside på Innsyn. Desse vert publisert med ei forseinking på 2 dagar jfr. kommunen sine kontrollrutinar.

På heimesida finn ein og fullstendig oversikt over møteplan og saksdokument med vedlegg tilgjengeleg 1 veke før møte.

Når det gjeld lesetilgang til Politkarportal for media, har ein sjekka dette opp med leverandør. Leverandør informerer om at dette ikkje vert praktisert hos andre kommunar og er heller ikkje noko leverandør tilrår at ein legg til rette for. Dette på bakgrunn av tekniske utfordringar i systemet, og risikovurderingar opp mot handsaming av saker som er unnateke offentlegheit, og personvern.

Ved innkallingar til politiske møter og diverse informasjon, vert det og sendt kopi til e-postgruppa «Kinn-kopiliste utsending politiske saker». Media er lagt til i denne e-postgruppa, dvs at media får same innkalling og informasjon som politikarane.

Det vert jobba med å få på plass digital votering i samband med politiske møter. Vi har her orientert oss inn mot fleire leverandørar. Digital votering vil medføre at media/innbyggjarar får oversikt over framlegg til vedtak og votering i sakene.

Ein av leverandørane kan forhåpentleg levere integrasjon mot vårt sak/arkivsystem i løpet av sommaren. Vi avventer innføring av digital votering inntil dette kan gjerast på ein automatisert og dermed ressurseffektiv måte.

Fram til dette er på plass vil framlegg til vedtak verte gjort kjent ved at det vert lest opp, og det same gjeld voteringsresultat.

Andre kommunar som for eksempel Sunnfjord, Stad og Stryn, har ikkje praksis for å streame og lagre andre politiske møter enn formannskap og kommunestyre.

Kostnadar ved forarbeid, strømming og etterarbeid for ev strømming av andre politiske organ enn formannskap og kommunestyre, vil utgjere minimum ei 30% stilling, med ein kostnad på om lag kr. 200 000,-. I tillegg har vi ikkje ei teknisk løysing som i dag handterer å strømme alle desse møta parallelt. Det vil ev tilkomme kostnadar ved innkjøp og vedlikehald/drifting av slikt utstyr.

Strømmesystemet vi nyttar krev at ein person administrerer stømminga av kvart møte. Dette vil medføre at vi har ein person til politisk sekretariat, og ein person til strømming for kvart utval. Med inntil 4 ulike utval samstundes, vil dette krevje 8 tilsette for å utføre dette arbeidet. I tillegg må det investerast i teknisk utstyr (laptopar/Pcar og anna teknisk utstyr) for å handtere strømminga.

Tilrettelegging av ytringsfridom og varsling er omhandla i Arbeidsgjevarepolitikken for Kinn, i Arbeidsreglement for tilsette i Kinn, i reglementet for bruk av sosiale media, tilrettelagt i Compilo, kvalitetssystemet vårt med avvikssystem og i andre fagsystem i helse, velferd, skule og oppvekst. Om varsling av kritikkverdige forhold: Varsling i Kinn, vedteke i AMU 23.03.2021.

I det løpande arbeidet i tenestene, i team, avdelingsmøte blir utøving av tillitsvaldsrolle og verneombodsrolla ivareteke.

I Kinn kommune har vi faste møte mellom kommunedirektør/personalsjef og arbeidstakarorganisasjonane, med hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Partssamansette utval som Arbeidsmiljøutval, Administrasjonsutval, er virksomme i samsvar med lov og avtaleverk og er fora som og ivaretek ytringsfridom og varsling.

Frå våre vedtekne dokument i Kinn kommune heiter det:

sak 024/19 Fellesnemnda for Nye Kinn kommune:

Arbeidsgjevarpolitikk for Kinn

Vedteken i møte 6. mars 2019

Kapittel 1 Etikk og samfunnsansvar

- Opplæring og arbeid for å styrke etisk kompetanse, her under antikorrupsjonsarbeid hos folkevalde, medarbeidarar og leiarar
- At leiarane er dei sentrale pådrivarane i eiga teneste
- At fellesskapet sine verdiar og kommunen sine ressursar vert forvalta på ein måte som samsvarer med samfunnet sine oppfatningar av rett og galt og at Kinn sitt samfunnsansvar er kjent og vert etterlevd av folkevalde og tilsette
- At det vert lagt til rette for openheit om roller og habilitet som dei folkevalde, medarbeidarar og leiarar har i og utanfor Kinn som organisasjon
- At Kinn i sine innkjøp av varer og tenester har krav til leverandørane om dokumentasjon som førebyggj arbeidslivskriminalitet og sosial dumping

Kapittel 2 Medarbeidarskap og leiarskap

- Eit systematisk arbeid med medarbeidar- og leiarutvikling basert på prinsipp for godt medarbeidar- og leiarskap
- Å ta i bruk nye arbeids- og organisasjonsformer som gir tenester av rett kvalitet basert på kunnskapsdeling og samarbeid på tvers i organisasjonen
- Å legge til rette for at medborgarskap og samskaping blir ein del av arbeidskulturen i Kinn.

Kapittel 3 Samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane

- Gode rutinar og arenaer for utøving av partssamarbeid på begge fullmaktsnivå
- Å utvikle ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune gjennom samarbeidet
- Å sikre at medarbeidarane gjennom partssamarbeidet opplever eit meningsfylt arbeid i eit godt arbeidsmiljø

I Arbeidsreglement for Kinn står det å lese:

«§ 17 Informasjon til media i «Retningslinjer for intern og ekstern informasjon og kommunikasjon» går det fram kven som kan gje informasjon/uttale seg til media på vegne av Kinn kommune og korleis tilsette skal opptre i høve til media.

§ 18 Teieplikt Alle tilsette har teieplikt mellom anna i medhald av forvaltningsloven, personopplysningsloven og straffeloven. Tilsette skal skrive under på erklæring om teieplikt før oppstart i stilling.»

Frå Retningslinjer for bruk av sosiale media, står det å lese

«Kommunen sine offisielle kontoar

Oppretting av kontoar

Offisielle kontoar med namn Kinn kommune skal opprettast av kommunedirektøren eller den han delegerer dette mynde til.

Oppretting av offisielle kontoar i regi av kommunale tenester skal godkjennast av kommunedirektøren. Det skal ved søknad om godkjenning opplysast om føremålet med kontoen. Send kortfatta søknad til kommunedirektøren som e-post, med kopi til informasjonsavdelinga.

Ver merksam på personopplysningslova, prinsippa for handsaming av personopplysingar og den registrerte sine rettar.

Ansvar og drift

Tenesteleiar er ansvarleg for drifta av den einskilde konto, og kommunedirektøren eller informasjon og service skal ha administratorrettar til kontoen.

Ytringar

Alle ytringar på dei offisielle kontoane skal vere politisk og religiøst nøytrale, og må elles ikkje verke diskriminerande på nokon annan måte. Ved all kommunikasjon på offisielle kontoar: Husk at du alltid representerer Kinn kommune.

Administrasjon og politikk

Du må vere bevisst på skiljet mellom administrativt og politisk nivå. I politiske saker som er under handsaming skal det kun visast til kommunedirektøren si innstilling, og ved politiske saker som er avgjort skal det visast til vedtaket. Ikkje gje egne vurderingar i denne type saker.

Sakshandsaming

Sakshandsaming skal ikkje føregå i sosiale media. Ved henvendingar som krev sakshandsaming eller har verdi som dokumentasjon skal avsendar gjerast merksam på kommunen si dokumentasjonsplikt. Henvendinga skal i tillegg formidlast vidare til rette instans og arkiverast.

Dialog og nærvær

I dialog med andre på sosiale media:

- Du må vere til stades, delta i debattane
- Svar på spørsmål og kommentarar snarast mogleg
- Rett opp faktafeil
- Sei takk for skryt
- Svar også på nøytrale kommentarar
- Svar på negative kommentarar, men vurder kor lenge du vil at dialogen skal oppretthaldast

Krisekommunikasjon

I krisesituasjonar der kommunedirektøren har sett krisestab, skal all kommunikasjon på Kinn kommune sine offisielle kontoar gå gjennom kommunedirektøren eller den han delegerer dette til.

Prinsipp for privat bruk av sosiale media

På nokre områder skil sosiale media seg frå dei tradisjonelle kanalane kommunen brukar.

Du må vere bevisst di rolle som tilsett i Kinn kommune ved all bruk av sosiale media.

Du må vere open om at du er tilsett i Kinn kommune i samanhengar der dette er naturleg.

Presiser at du ytrar deg som privatperson og ikkje på vegner av Kinn kommune dersom det kan verte reist tvil om di rolle. Sjølv om du uttalar deg som privatperson gjeld lojalitetsplikta, og hugs kommunen sitt etiske reglement og teieplikt.

Hugs at reglane om teieplikt, personvern, ytringsfridom, lojalitetsplikt mv som du skal forholde deg til i din jobb i Kinn kommune også gjeld når du opptrer som privatperson i sosiale media. Som tilsett har du eit sjølvstendig ansvar for å bidra til at kommunen sin tilitt og omdømme blir tatt vare på. Du har plikt til å utføre dine oppgåver og opptre utad på ein etisk forsvarleg måte, og slik at det ikkje skader kommunen sitt omdømme.

Delta gjerne i faglege diskusjonar på nett. Sosiale media kan også vere ei kjelde til kunnskap.

Vurder grundig om du som privatperson skal ha kontakt med elevar/brukarar/pårørande/leverandørar i sosiale media. Sjølv om du i utgangspunktet tykkjer det er greitt å skilje mellom rollene, kan dette over tid føre til situasjonar som kan opplevast som problematisk for begge partar.

Ved henvending som krev sakshandsaming/arkivering skal avsendar oppfordrast til å rette ein formell førespurnad til kommunen. Dette vil då bli handsama i samsvar med kommunen sine sakshandsamingsrutinar.

Du må vere varsam! Hugs at internett er permanent. Det kan vere vanskeleg å slette det du har lagt ut på nettet.

Reaksjonar på brot/sanksjonar

Eventuelle brot på desse retningslinene vert handtert i samsvar med arbeidsreglementet og etiske retningslinjer til Kinn kommune.»

Varsling i Kinn

Vedtak i AMU 23.03.2021

Kinn kommune vel å organisere og handsame varsling i Kinn Compilo. VI er i ferd med å implementere vedtaket.

Vurderingar:

Sivilombudsmannen skriv:

« Ytringsfriheten er en av de grunnleggende menneskerettighetene, beskyttet i Grunnloven § 100, Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) artikkel 10 og FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (SP) artikkel 19. De to konvensjonene gjelder som norsk lov, jf. menneskerettsloven. Ansattes ytringsfrihet er ikke særskilt regulert i dissebestemmelsene, men det rettslige utgangspunktet er at de har det samme vernet som enhver annen borger.

Det er imidlertid bare adgangen til å ytre seg på egne vegne som er beskyttet av ytringsfriheten. Arbeidsgiveren står fritt til å bestemme hvem som skal uttale seg på vegne av virksomheten og hva som skal sies. Om en ansatt må anses å ha ytret seg på egne eller arbeidsgivers vegne, vil derfor kunne være avgjørende ved vurderingen av om en ytring er rettmessig.

Arbeidstakere må også tåle visse begrensninger i ytringsfriheten for uttalelser de kommer med på egne vegne. Det følger av Grunnloven § 100 og EMK artikkel 10 at slike begrensninger krever et særskilt rettslig grunnlag. Dette kan være lovfestede begrensninger (for eksempel taushetsplikt), avtaler om taushetsplikt eller den ulovfestede lojalitetsplikten som gjelder i alle arbeidsforhold.

Lojalitetsplikten innebærer at ansatte har plikt til å opptre lojalt i forhold til den virksomheten de arbeider i. Dette betyr imidlertid ikke at arbeidsgiver har fri adgang til å regulere eller sanksjonere ytringer som ansatte fremsetter på egne vegne, etter sin egen forventning til de ansattes lojalitet. Tilgang til informasjon og en informert offentlig debatt er viktig for et velfungerende demokrati. Ansatte vil kunne ha spesiell kompetanse, innsikt og erfaring knyttet til arbeidsforholdet. Det vil ofte være nettopp i egenskap av å ha førstehånds kjennskap til området, at den ansattes ytringer har betydning iden offentlige debatten. Ansattes ytringsfrihet kan også bidra til å motvirke og avdekke ulovlige eller kritikkverdige forhold.»

Kinn kommune har ein god balanse i dag med omsyn til openheit. Likevel kan det ikkje skade å styrke medvet og kunnskap omkring openheit hos folkevalde, leiarar og sakshandsamarar og andre tilsette i Kinn. Derfor er effektive og fleksible læremotodar som e-læring kring desse spørsmåla føreslått iverksett.

Økonomiske konsekvensar:

Må kunne omfattast av budsjettet opplæring.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Forvaltningslova, Personvernlova, Offentleglova.

Vedlegg i saken:

Interpellasjon marsmøtet

Interpellasjon marsmøtet(191279)

Følgeskriv
Interpellasjonar
Regulering av ansattes ytringsfrihet - Sivilombudsmannen
Innspel til svar på deler av Interpellasjon